



# BREMANGER KOMMUNE SENTRALADMINISTRASJONEN

Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Askedalen 2

6863 LEIKANGER  
Velaug Veum

**Vår ref.**  
12/2330-18/K2-Q10//KVF

**Dykkar ref.**  
Velaug Veum

**Dato:**  
23.03.2015

## **Utbetring av veg mellom Kalvåg og Klubben i Bremanger kommune.**

Viser til tidlegare møter, samtalar og oversending av Ragnar Hagen sin rapport vedr. vegen mellom Kalvåg og Klubben, FV 616, i Bremanger og tiltak for å utbetre denne. Viser òg til e-post frå Dina Lefdal der vi blir bedt om å sende ein søknad til Sogn og Fjordane fylkeskommune med beskriving av kva tiltak som bør prioriterast og kor mykje midlar som blir stilt til disposisjon fordelt på kommune og private.

Når det gjeld beskriving av kva tiltak som bør prioriterast har driftsjef på teknisk drift i Bremanger kommune, Gunnar Ytrehus, laga eit oppsett på dette. Dette ligg ved som vedlegg. Gunnar har lang fartstid i Statens vegvesen og har sett opp eit kostnadsoppsett utifrå erfaringstall. I forhold til kva midlar som blir stilt till disposisjon fordelt på kommune og private kan eg meddele at underteikna har vore i kontakt med blant anna Svein Inge Fosse ved Knutholmen i Kalvåg. Svein Inge Fosse har i form av e-post stadfesta at dei er med og støttar prosjektet, eg kan sitere fylgjande frå e-posten:

«Vi skal stå bak dette prosjektet 100%. Vil minne om at underteikna har lova å skaffe 2 mill. og meiner at det er meir realistisk med det doble. Om beløpa skal delast akkurat i 3 må vi skaffe det som skal til». Eg legg ved kopi av e-post som dokumentasjon.

Når det gjeld den kommunale delen vedtok Bremanger kommunestyre i møte, 18.desember 2014, strategisk næringsplan 2015-2020 for Bremanger kommune. Her er det under tiltaksplan 2015 tatt med fylgjande punkt under infrastruktur:

«2.4 Vedlikehald av FV 616, strekning Kalvåg-Oldeide, opprusting av dei mest utsette vegpartia.

- 3 etappar, Kalvåg-Oldeide
- Spleiselag kommune og privat næringsliv
- Budsjett basert på anslag pris, Gunnar Ytrehus  
Kr. 6.500.000,-

(ordinært budsjett kommunen / privat næringsliv)».

Strategisk Næringsplan 2015-2020 ligg ved som vedlegg.

---

Kontoradresse:  
Rådhuset  
6721 SVELGEN

Postadresse:  
Postboks 104  
6721 SVELGEN

Telefon / telefaks:  
95982950  
57 79 63 01

E-post / web:  
karl.vidar.forde@bremanger.ko  
mmune.no  
www.bremanger.kommune.no

Bankgiro:  
3776.07.50035

Bremanger kommune søker med dette Sogn og Fjordane fylkeskommune om å støtte tiltak som er beskrevet i vedlagt dokument sammen med Bremanger kommune og næringslivet.

Om det skulle være spørsmål rundt dette er det fint om De tar kontakt med undertegnede.

Håper på et snarlig positivt svar.

Med helsing

Karl Vidar Førde  
Ordfører

Vedlegg:  
Rapport fra Ragnar Hagen.  
Oversikt over kostnader, utarbeidd av Gunnar Ytrehus-Bremanger kommune.  
Mail fra Knutholmen ved Svein Inge Fosse  
Strategisk Næringsplan 2015-2020, Bremanger kommune.